



HORDALAND FYLKESLAG

AV HØRSLESHEMMEDES LANDSFORBUND (HLF)

Leder: Bernhard Selle

Postboks 256

5445 Bremnes

Tlf.: 53 42 07 51

Internett: <http://www.hlf.no>

Vår ref.: Tore Svane

Til kommunal- og regionaldepartementet
Akersgata 59, Oslo
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

KOMM. OG REG. DEP	
31 OKT 2005	
0512258-11	
Ark.	461.0
Avd.	BO 1 By 1 Gjftt

NOU 2005:12 om en "Mer effektiv bygningslovgivning II".

Høyringsuttale.

Bygningslovutvalgets delutredning II er lagt ut for høyring.

Kap 23 - side 407-420 omhandler "Tilgjengelighet - universell utforming". I det høve vil Hordaland fylkeslag av Hørselshemmedes Landsforbund (H-HLF) uttale:

NY FORMÅLSPARAGRAF.

1. **H-Hlf registrerer** med glede ambisjonen om at all byggjetiltak skal utformast slik at dei innfrir målsetjinga om "tilgjengelighet for alle uten brukerforutsetninger". Dette nedfellast i formålsparagrafen som skal få ein ny siste led som seier:
"Prinsippet om universell utforming skal ligge til grunn for planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak."

Vidare i § 77 - pkt. 1:

"Ethvert byggearbeid skal utførest fagmessig og teknisk forsvarlig slik at det ferdige byggverket tilfredsstiller de krav som er satt til sikkerhet, helse, miljø og brukbarhet i eller i medhold av denne loven".

2. **H-Hlf er opptatt av** at den øvrige lovteksten er så tydeleg at desse målsetjingane vert oppnådd. Vidare at saksbehandlingsreglane (SAK), teknisk forskrift (TEK) og rettleiing til TEK (REN) utfyller lovteksta på ein klår og veldefinert måte.
3. **H-Hlf meiner:** TEK må gi ein eintydig definisjon av begrepet "universell utforming". s. 409. seies: "universell utforming" er meget godt egnet som en overordnet angivelse på prinsippnivå."
 - 3a. **H-Hlf meiner** dette må konkretiserast i lov-/forskriftsteksta. –
 - Kva for funksjonsnedsetjingar skal bygget gjerast tilgjengelig for utan brukerforutsetningar (sansar, bevegelse, kognitiv...)?
 - Kor stor del av bygget skal utformast universelt?
4. **H-Hlf meiner:** **ALLE** bygningsdelar må utformast slik at dei er "brukbare" for dei høyselshemma. Det gjeld feks. alle kontor, klasserom, skrankar, kantiner...

HORDALAND FYLKESLAG

AV HØRSELSHEMMEDES LANDSFORBUND (HLF)

Leder: Bernhard Selle

Postboks 256

5445 Bremnes

Tlf.: 53 42 07 51

Internett: <http://www.hlf.no>

5. **H-Hlf meiner:** REN må gå langt i å foreskrive detaljerte løysingar for "brukbarhet".

Funksjonskrav er etter vår erfaring utilstrekkeleg og gir rom til for mange utilfredsstillende løysingar. Den tekniske utviklinga mht. tekniske hjelpe midlar for hørselshemma går raskt og bruk av ny teknologi må ikkje verta hemma.

6. **H-Hlf meiner:** Krav om "teleslynge" må erstattast i TEK og REN med "eigna tekniske hjelpe midlar for hørselshemma".

Vidare må etterklangstida i rom styrast og setjast til ein fast grenseverdi (0,5...).

KOMPETANSE PÅ "UNIVERSELL UTFORMING".

Det er ein ålmen oppfatning at kompetansen på området er låg mellom tiltakshavare, planleggjarar, utførande og hjå myndighetene.

7. **H-Hlf foreslår:**

- Faget "universell utforming" må utviklast på alle felt/saksområd i tråd med pkt. 5 ovanfor.
- SAK må stilla krav om eigen klasse for sentral godkjenning av planleggjarar og utførande på "universell utforming" slik at loven sitt føremål kan realiserast, -jfr. pkt 3 ovanfor.
- Inntil sentral godkjenning universell utforming er innført må all planleggjing på alle tiltaksklassar underleggjast kontrollforma "sideordna kontroll" (ikkje eigenkontroll).

MEDVERKNAD I BYGGJESAKSPROSESSEN.

8. **H-Hlf er einig** i at "tilgjengelighet" og "brukbarhet" best vert gjort betre gjennom endringar i saksbehandlingsreglar som omfatter *ansvar, kontroll, tilsyn og lovleghetsoppfølgjing*

-jfr. pkt 7 over.

9. **H-Hlf meiner** det skal vera eit krav at kommunalt råd for funksjonshemma skal kallast inn til forhandskonferanse og godkjenna kontrollplan for prosjektering mht. bruk
av sentralt godkjende prosjekterande mht. "universell utforming."

INNSLAGSPUNKT FOR UNIVERSELL UTFORMING.

Bygningslovutvalet lar hensynet ti kostnader og faktiske begrensningar gå føre og vil ikkje senka terskelen for når "universell utforming" skal slå inn ved ombyggjingar, - s.416.

10. **H-Hlf meiner** terskelen for når tilgjengelighet og brukbarhet skal senkast slik at heile bygget skal gis universell utforming ved hovedombyggjingar og *all bruksendring*. Dette vil og vera i tråd med intensjonen i utkast til "antidiskrimineringslov".

Etter vedtak i fylkesstyret i Hordaland fylkeslag av HLF den 15. oktober –sak 57/05 sendast uttalen til kommunal- og regionaldepartementet.